

Korleis skape debatt i klasserommet: Streken

Formålet med denne metoden er å få fram ulike meiningar og gode diskusjonar i klasserommet. Han kan med fordel brukast saman med gruppearbeidet: *Kva er gode argument*, skildra [her](#). Marker ein strek i klasserommet med teip, bøker, ved å peike eller på annan måte. «Streken» skal fungere som ein einig-ueinig-akse, og elevane skal i løpet av diskusjonen plassere seg i forhold til denne aksen. Ein person – for eksempel læraren – kjem med ulike påstandar i løpet av sekvensen. Elevane skal straks plassere seg på den eine eller den andre sida, eller midt på. Deretter opnar ein for grunngivingar og diskusjon, og elevane får høve til å flytte på seg kvar gong dei endrar meining.

Det kan vere ein god idé å starte med uskyldige utsegner, slik at elevane får prøvd ut forflyttinga før dei større diskusjonane startar. Forslag til oppvarmingsutsegner:

- Eg bada i sommar
- Eg liker at sola skin
- Eg gler meg til vinteren
- Eg liker sushi

Dette er utsegner der det vil vere noko usemje, men lite sannsynleg at mange flyttar på seg i løpet av diskusjon. La han derfor vere kort. Set deretter i gang med ein klassesdiskusjon på bakgrunn av utsegner frå den som leier diskusjonen.

Utsegnene kan hentast frå eller basere seg på ei liste med argument frå gruppene dersom streken er førebudd med gruppearbeid (jf. opplegg), men læraren kan også velje å førebu påstandar sjølv og/eller trekkje ut påstandar frå diskusjonen etter kvart som han utviklar seg. Pass på at spørsmåla eller påstandane alltid er av ein slik art at alle alternativ er like riktige, det skal ikkje vere mogleg å velje «feil».

Deretter blir det sett fram eit nytt synspunkt som klassen diskuterer. Dersom mange av elevane plasserer seg på same side, kan læraren trekkje inn elevane i diskusjonen på følgjande måte: Læraren ser at det er færre på den eine sida av streken, og gir derfor ordet til eit par av dei elevane som er på den sida der det er færrest elevar. Elevane skal forklare kvifor dei er einige eller ueinige.